

Høyringsuttale - overføring av skatteinnkrevjinga til staten

Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet sende 1.12.2014 ut høyringsbrev om overføring av skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten med verknad frå 1.1.2016.

Saksutgreiing:

I Noreg vert inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift innkravd av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som òg fører skatterekneskap og gjennomfører arbeidsgjevarkontroll.

Forslag om overføring av skatteinnkrevjinga til skatteetaten har vore vurdert fleire gonger tidlegare, men saka har då enten ikkje vore fremma av tidlegare regjeringar eller vore avvist av Stortinget. Ifølgje KS er det ikkje kome nye moment av betydning i Finansdepartementet si noverande høyring.

[Høyringsuttale frå KS](#) peikar på fleire uheldige konsekvensar ved overføring av skatteinnkrevjinga til staten t.d.:

- **Effektivitet og resultat i skatteinnkrevjinga kan verte svekka**
Skatteinnkrevjinga i Norge har over tid vist seg å vere svært god samanlikna med andre vestlege land, t.d. har skatterestansane i Danmark auka etter at innkrevjinga vart overført til staten. Nærleik til skattesubjekta forklarar dei gode resultata og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Nærleik til innbyggjarane er og viktig for å bistå dei vanskelegstilte skattytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv eller som av andre grunnar ikkje kan ivareta sine egne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe de som trenger det mest.
- **Forslag bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma**
Eit uttalt mål i kommunereforma er å «flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar». Regjeringa seier den vil «vise meir tillit til lokalpolitikarar og gje kommunane meir handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.»

At forslaget vert fremja som eiga sak uavhengig av det pågåande kommunereformarbeidet er uheldig og i strid med kommunereforma.

- **Reduserte moglegheiter for nedkjemping av svart økonomi**

Skatteoppkrevjaren har god kontakt med og kjennskap til lokalt næringsliv, og dette bidreg til nedkjemping av svart økonomi også der arbeidsgjevarkontrollen er organisert som interkommunalt samarbeid. Lokalt folkevalt innsyn, mellom anna gjennom kontrollutvala, er ei anna styrke.

- **Rettstryggleiken til skattyterane kan verte svekka**

I dag vert rettssikkerheten ivareteke på en svært god måte ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom på den eine sida fastsetting av skatten (likning/stat) og på den andre sida innkrevjinga av skatten (kommunane). Omsynet til rettstryggleiken tilseier at det må vere avstand mellom den som fastset og den som krev inn skatten. Dette er og slått fast som eit grunnleggande prinsipp i tidlegare utgreingar og Stortingsbehandlinger av skatteinnkrevjinga.

Samarbeidsforum i Sunnfjord, som består av kommunane Gaular, Jølster, Naustdal, Flora og Førde, har vedteke følgjande:

1. Samarbeidsforum i Sunnfjord meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjinga som ei kommunal oppgåve er svært positive.

2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god. Samarbeidsforum i Sunnfjord meiner likevel det er mogeleg å forbetra tenesta. Det kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga, og må sjåast i saman med kommunereforma.

Førde, den 27.01.2015

Med helsing

Mathias Råheim

Leiar i Samarbeidsforum i Sunnfjord

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn Regionråd, HAFS Regionråd og Nordfjorderrådet